

Møteinkalling

Utval: **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**

Møtestad: Sommarkafeen, Stardalen

Dato: 31.10.2016

Tidspunkt: Kl. 09:00

Velkommen til styremøte i bygda under breen, på Sommarkafeen i Stardalen, Jølster.

Tradisjon tru vil vi spise lunsj med Fagleg rådgjevande utval, og deretter ha felles møte med dei. Vi reknar med at møtet er ferdig kl. 15.00.

Eventuelt forfall må meldast snarast til nasjonalparksekretæren. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Vel møtt!

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 37/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 38/16	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 39/16	Orienteringar		
ST 40/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - ny DNT-hytte på Sunndalssetra i Stryn kommune- DNT Oslo og omegn		2016/641
ST 41/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - sti, utkikkspunkt og bru i Briksdalen - Briksdalsbre fjellstove/ Oldedalen skyss		2016/3321
ST 42/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til oppsetting av snømålar og ferdsel med helikopter - Statens vegvesen		2016/3496
ST 43/16	Eventuelt		

Referatsakar:

- 22.09.2016: Jostedalsbreen nasjonalpark - delegert vedtak – løyve til helikopterlandig ved klimastasjonen ved Flatbreen – NVE
- 20.09.2016: Jostedalsbreen nasjonalpark - delegert vedtak – utviding av flygeløyve til Skåla i samband med byggeaktivitet – Bergen turlag

Orienteringssakar:

- Status på driftsbudsjet og bestillingsdialogmidlar
- Offisiell opning av stien til Lundeskaret
- Offisiell opning av brui på Tungestølen og status på Nye Tungestølen
- Skålabu
- EuroParc
- Påminning nasjonalparkkonferansen 8.-9. november
- Meir?

ST 37/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 38/16 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll

ST 39/16 Orienteringar

Arkivsaksnr: 2016/641-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 22.09.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	40/16	31.10.2016

Jostedalsbreen nasjonalpark – sak om ny DNT-hytte på Sunndalssetra - DNT Oslo og omegn

Innstilling fra forvaltaren

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre avslår søknaden fra DNT Oslo og omegn om å bygge ei ny sjølvbetjeningshytte med 12 sengeplassar og tilhøyrande uthus på Sunndalssetra. Avslaget er fatta med heimel i verneforskrifta kapittel IV, punkt 1.3, 1. ledd. Nasjonalparkstyret finn ikkje at DNT Oslo og omegn har særleg grunn til å få dispensasjon frå verneforskrifta.

Ei nybygget sjølvbetjeningshytte på Sunndalssetra kan føre til uheldige konsekvensar for villreinen i Ottadalen villreinområde, og er såleis i strid med føremålet i nasjonalparken som gjeld vern av dyreliv. Tiltaket kan også skape uheldig presedens.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad frå DNT Oot v/ Jan Erik Reiten datert den 28.6.2016. Søknaden inneholdt også vedlegg av ei skisse, planteikningar, statistikk og kart.
- Høyringsuttale frå Reinheimen-Breheimen villreinutval signert Knut Granum, datert den 7.10.2016
- Høyringsuttale frå Breheimen nasjonalparkstyre datert den 27.9.2016
- Høyringsuttale frå Reinheimen-Breheimen villreinnemnd v/ Tor Taraldsrød, datert den 20.09.2016
- Høyringsuttale frå Skjåk Almenning v/ Jo Trygve Lyngved, datert 5.9.2016
- Synfaring den 6.6.2016 med Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, DNT Oot og Sunndalssetra sameige, med tilhøyrande møteprotokoll.
- Høyringsuttale frå Sunndalssetra sameige v/ Sverre Guddal, signert den 16.5.2016
- Notat om DNT-hytte på Sunndalssetra v/ Ingolf Folven, signert den 24.2.2016

- Synfaring med Sogn og Fjordane fylkeskommune, DNT Oot, Stryn kommune og Sunndalssetra sameige den 8.10.2015.
- Vedtakssak 4/14 frå møte i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre den 7.4.2014 om remering av stien over Kamperhamrane.
- Oppsummering av synfaring den 8.10.2015 og notat med signal frå forvaltninga.
- Avgjørelse i klagesak - avslag på søknad om bygging av ny selvbetjent turisthytte på Stølgjerdesætra i Åmotdalen landskapsvernområde, datert 7.3.2016 frå Miljødirektoratet

Saka vert vurdert etter:

- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark frå 1991
- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark frå 1994
- Naturmangfoldlova
- Rundskriv om forvaltning av verneområder frå 2014
- Foredraget til kongeleg resolusjon av 18.6.1998 om utviding av Jostedalsbreen nasjonalpark.
- Skjøtselsplan for Sunndalen, Erdalen og Bødalens i Stryn kommune.

Søknaden

Søknaden om etablering av ei ny DNT-overnattingsplass på Sunndalsseter er signert DNT Oslo og omegn v/ eigedomssjef Jan Erik Reiten, og er datert den 28.6.2016. Etter synfaringa den 6.6.2016 oppmoda Jostedalsbreen nasjonalparkstyre DNT Oot om å sende ein forenkla søknad, slik at styret kunne handsame hyttesaka på formelt vis. Med «forenkla» meinte styret ein søknad med skisser av ei hytte slik den er tenkt, men utan detaljerte arkitekteinningar, geologiske vurderingar, m.m. Slik kan spørsmålet om hytte få ein prinsipiell avklaring utan av DNT Oot i første omgang treng å bruke ressursar på ein omfattande søknad.

Søknaden skisserer opp ei hytte med 12 sengeplassar, inkludert eit eige rom med to sengeplassar i eit eige hunderom. Dette er normalt pr. i dag i DNT-samanheng. I skissa i figur 1 er hytta målt opp til å bli 14.8 m lang x 6.3 m brei, til saman ca 93 m².




Fig. 1: Skissa i søknaden frå DNT Oot om korleis ei hytte på Sunndalsseter kan sjå ut.

Ei typisk sjølvbeteningshytte har overnattingsplassar, kjøkken, proviantlager, vask og tørkerom. Dette vil være ei hytte som kan tilpassast både lokal byggeskikk eller ev byggjast i ein annan stil for å skilje seg frå dei andre bygningane, skriv DNT Oot.

I søknaden står det at omsøkt plassering er fleksibel, så lenge bygga kan plasserast i nærområdet til Sunndalsseter, fordi ein del av attraksjonen er det gamle setremiljøet.

I tillegg til hytta ønskjer DNT Oot eit eige uthus, sjå skisse på figur 2. Uthuset er om lag 15 m² og skal romme to toalett, samt lager av ved og gass. I søknaden skriv dei også at det er krav til sikringsbygg ved overnattingsplassar som ligg avsides til, men ved Sunndalsseter legg dei til grunn av bygningane på setertunet kan nyttast dersom eit slikt behov oppstår.




Fig. 2: Slik ser DNT Oot for seg at uthuset kan sjå ut. Det vil kunne romme ved, gass, søppel og to toalett.

DNT Oot ser for seg at ei ny hytte på Sunndalsseter vil kunne brukast av fleire brukergrupper, m.a. folk på dagstur inn Sunndalen, overnattingssbesøk på kortare turar i nærområdet til setra, t.d. Kamperhamrane, og vandrarar på veg til/frå Breheimen. Søkjar har ikkje klåre meiningar om kor mange overnattingar dei vil forvente på ei ny hytte på Sunndalsseter. Vedlagt søknaden er også tal frå registrerte overnattingar m.a. frå Skridulaupbu (46 i 2015, 38 i 2014) og Slæom (81 i 2014, 153 i 2015).

DNT Oot skriv at dei har hytte- og ruteplanar der m.a. både rute over Kamperhamrane og ny hytte på Sunndalsseter er ønskja tiltak. Dei ønskjer også å endre rutenettet mellom Sota sæter og Nørdstedalseter, samt å sette opp ei ny hytte langs ruta der.

Flytting av Skridulaupbu har også vore nemnt, men søker skriv at dei ikkje har planar om flytting no.




Fig 3: DNT sitt hytte- og rutenett i det aktuelle området.

DNT Oot skriv i søknaden at samfunnet ønsker meir friluftsliv, og at dette også må leggjast til rette for i verneområda. Dei skriv at dei har vore i kontakt med eigaren av den gamle turisthytta på Sunndalssetra, og har ikkje fått til samarbeid om denne.

DNT Oot har tidlegare bedt om signal frå forvaltninga om korleis ein ev hyttesøknad ville bli handsama, noko som resulterte i synfaringa den 8.10.2015 og eit notat i ettertid. Då heile nasjonalparkstyret var på synfaring den 6.6.2016 resulterte dette i ønske om at DNT Oot sendte ein søknad for å avklare saka på formelt vis.

Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er, i forskrifta datert den 25. oktober 1991, omtala slik:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område fra lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep, m.a. oppsetjing av bygningar, (...), graving og påfylling av masse, sprenging og boring, (...), bakkeplanering (...) (verneforskrifta § IV, punkt 1.1), men forvaltningsstyretemakta kan når særlege grunner ligge gje løye til byggje, ombyggje, utvide eller endre bygningar m.m. som nemnt under pkt 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området. Det kan stillast vilkår for løye som blir gjevne etter punkt 1.3. (verneforskrifta § IV, punkt 1.3).

Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, utgitt av Miljødirektoratet i 2014, inneholder retningslinjer som er relevant for vurderinga om det kan gis dispensasjon (s. 7, 9 og 10).

Selv om et omsøkt tiltak er innenfor rammen av en spesifisert dispensasjonsbestemmelse må det likevel foretas en selvstendig vurdering av om dispensasjon skal gis. Når forskriftene bruker formuleringer som "kan gi tillatelse til" eller "kan gi dispensasjon til" betyr ikke det at forvaltningsmyndigheten skal gi dispensasjon, men at forvaltningsmyndigheten kan vurdere om en søknad gir grunnlag for å gi dispensasjon. (...) Selv om bestemmelsens ordlyd er det klare utgangspunktet for tolkningen, må dispensasjonsadgangen også vurderes i lys av verneformålet, naturforholdene i det enkelte område mv. I tillegg vil blant annet forarbeider til vernet og forvaltningspraksis være sentrale tolkningsmomenter.

Også forvaltningsmålene for arter og naturtyper i naturmangfoldloven §§ 4 og 5, og de miljørettslige prinsippene i naturmangfoldloven §§ 8 – 12 kan ha betydning for tolkning av bestemmelser i verneforskrifter. Dersom det er tvil om rekkevidden av bestemmelser i en verneforskrift, kan føre-var betraktninger innebære at forskriften bør tolkes innskrenkende.

I foredraget til kongeleg resolusjon fra nasjonalparkutvidinga i 1998 står følgjande omtalt om sel/turlagshytter (s. 5 og 6):

Grunneigarar/rettshavarar om ikkje har sel, vil få løyve til å bygge eitt sel i stølsområde der dei har rettar og der det er sel frå før. Nye bygningar utanfor stølsområde vil ikkje få løyve. (...)

DNT legg til grunn at bygging av turlagshytte innanfor eit stølsområde blir vurdert på same måte som bygging av sel av grunneigarane. DNT går ut i frå at dei merka rutene blir vidareført. (...)*

Bygging av turlagshytter og merking av ruter må handsamast som dispensasjonssaker. DN meiner søknader om bygging av turlagshytter i regelen må vurderast strengare enn saker som gjeld bygging av sel for grunneigarars om ikkje har sel frå før. (...)*

*Den norske turistforening

**Direktoratet for naturforvaltning (noverande Miljødirektoratet)

I forvaltningsplanen for nasjonalparken frå 1994 er turlagshytter omtalt på følgjande måte (side 48 og 49):

Alle turlagshytter og andre hytter opne for ålmenta i Jostedalsbreområdet ligg i brukssonene. Ingen hytter ligg inne på sjølve breplatået. Skålataånet (1840 moh) og Steinmannen (1635 moh, stengt for ålmenta) er dei hyttene som litt høgst og lengst inn mot breen. (...) Mange av turlagshyttene (t.d. Bødalsetra og Vetledalsetra) ligg i stølsområde. At breplatået er fri for hytter er ein føresetnad for å kunne halde på villmarkspreget som breplatået har i dag. Det er difor ikkje aktuelt å gje dispensasjon for bygging av turlagshytter og andre hytter på og like ved breplatået. Vi ser derimot positivt på at turlagshytter vert lokaliserte til stølsområde rundt breen, dersom dette fell inn i eit gjennomtenkt sti- og hyttenett. Med 19 ålment tilgjengelege hytter i tillegg til andre overnattingsstader må ein kunne seie det er gode overnattingshøve i Jostedalsbreområdet for tilreisande. I tillegg kjem private hytter i tilgrensande område og stølshus i og utanfor nasjonalparken. Pr. i dag er det difor grunnlag for generelt å være restriktiv m.o.t. bygging av nye hytter. Forvaltningsplanen lister opp aktuelle stader, til dømes Flatbrehytta og DNT-hytta på Bødalsseter, som aktuelle stader som vil kunne få løyve av forvaltningsmyndet til ei eventuell utviding. (...) Den Norske Turistforening (DNT) arbeider med å få til avtaler om sjølvbeteningshytte på Sunndalssætra (...), slik dei hadde for ein del år tilbake. Vi ser positivt på dette.

I skjøtselsplanen for Sunndalen, Erdalen og Bødalen står det på s. 28 under Friluftsliv: *DNT har vist interesse for å overta eit sel for å gjere det om til ubetjent DNT-hytte. Grunneigarane har så langt vore negative til dette m.a. fordi auka ferdsel kan vere negativt for villreinen.*

Grunneigarane på Sunndalssetra uttalte i samband med saka i 2014 om remering av stien over Kamperhamrane at dei ikkje var like negative til auka ferdsel som på tidspunktet skjøtselsplanen vart skrive i 2001.

Tidlegare forvaltningsmynde, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, v/ Tom Dybwad, har sagt om denne formuleringa i forvaltningsplanen frå 1994 at «*det var aldri snakk om eit heilt nytt bygg på ein heilt ny plass, men å nytte eit eksisterande sel på setra*».

I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerala korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka. Miljørettsprinsippa i naturmangfoldlova skal være ein del av vurderinga av om dei rettslege vilkåra for å gi dispensasjon er oppfylt, til dømes at tiltaket «*ikke strider mot vernevedtakets formål*».

Handsaming

Saka om remering av stien gjennom Rauddalen

I sak 4/14 handsama Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ei sak om remering av den gamle stien mellom Sunndalssetra og Ytste Leirvatnet, nær Skridulaupbu. Denne stien går både gjennom Jostedalsbreen og Breheimen nasjonalparkar, og måtte såleis handsamast i begge styra. Breheimen nasjonalparkstyre handsama saka først, og gav løyve til remering av stien på vilkår at dei skal kunne revurdere merkinga etter 5-10 år, dersom bestandsdynamikken til villreinen endrar seg negativt. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjorde då liknande vedtak:

(...) Dersom Breheimen nasjonalparkstyre vurderer at tiltaket har negativ påverknad på villreinen i området om 5-10 år og ønskjer å revurdere om ruta framleis skal vere merka, vil Jostedalsbreen nasjonalparkstyre kunne trekke dette løyvet tilbake. (...)

I remering-saka vart det innhenta mange uttaler, m.a. frå Ottadalens villreinnemnd: *Ferdelsvegen gjennom Sunndalen frå Stryn til Skjåk går gjennom barmarksbeitet til villrein i den vestre delen og heilårsbeite for villrein i den austre delen. Både på aust- og vestsida av Ytste Leirvatnet er det viktige trekkområder. Auka ferdsel i dette området kan ha negative konsekvensar for villrein. DNT-stigen mellom Grotli – Skridulaupbu – Slæom går på delar av traseen. Det går ein stig på heile traseen, men den er nok lite brukt. Det er store avstandar i området noko som naturleg avgrensar bruken. Slik sett er det kanskje lite truleg at ferdelsen vil auke til eit uakseptabelt nivå. Dette kan fort endra seg dersom det etablerast nye overnattingsbuer i tilknyting til ferdelsvegen. Villreinnemnda er positive til at den gamle ferdelsvegen blir gjort kjent, men ynskjer lite tilrettelegging og inngrep i dette området. Tidsavgrensing på bruk/marknadsføring av stig; berre juli, august og september. Det er ikkje ynskjeleg med auka ferdsel på DNT-stigen mellom Sunndal og Skridulaupbu/ Slæom. Stigen går gjennom viktige trekkområder for villrein. Dette er eit sentralt område for villrein og blir brukt regelmessig i sumarhalvåret. Sørveststammen har låg produktivitet. Auka ferdsel i dette området vil føre til fleire møte mellom villrein og menneske og dermed auka energibruk hos villrein. Den beiter mykje i dalbotnen i dette området i same området som DNT-stigen er etablert. Bratte dalsider og høge fjell rundt gjer dalbotn spesielt*

verdifull i dette området. Det er tilrettelagt for skikøyring og langrennsløyper i tilknyting til Tystigbreen. I området sør for Grotli er det mange hytter, skiløyper og turløyper. I og med at arealbruken i desse områda er sterkt påverka av menneskeleg aktivitet er det viktig å skjerme andre delar av leveområdet til villrein på sørvestområdet.

Ottadalen villreinutval uttalte i same sak:

Ottadalen villreinutvalget ønsker tidsbegrenset (fra og med juni til og med september) bruk og markedsføring av re-merket sti gjennom Rauddalen mv. Villreinutvalget forutsetter videre at ingen nye hytter blir oppført i forbindelse med stien.

Ny hytte på Sunndalsseter, prosessen fram til no

På tidlegare turar, synfaringar og møte har spørsmålet om ein overnatningsplass for ålmenta på Sunndalssetra vore diskutert. Følgjande har vore omsnakka:

- Bygget som fungerte som DNT-hytte på 1940 og -50-talet har vore mykje i fokus. Den står i utkanten av stølsmiljøet (fig. 7), og har seks soverom i tillegg til stove og kjøkken. Den er i privat eige, og eigaren ønskjer ikkje å leige den ut. Den er i dårleg stand, og treng omfattande vedlikehald.
- Det har vore diskutert å kunne nytte gamle, eksisterande sel-/fjøsmurer på stølsvollen for å sette eit nytt bygg oppå. Kulturminnerådgjevar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune var midlertidig klar på at nye bygg oppå gamle hustufter ikkje var å tilrå. Gamle hustufter er kulturminne og vitnar om tidlegare tiders bruk av natur og kulturmark. I den nye vegleiaren frå Riksantikvaren/Miljødirektoratet om kulturminne i verneområde vert oppsetting av nye bygg oppå gamle hustufter også rådd i frå (fig. 6).
- Eit alternativ som var diskutert i forvaltnings- og skjøtselsplanen var å nytte eit av dei eksisterande sela som står på setrevollen (døme fig. 5). Då vil det bli stilt vilkår om at selet blir restaurert på antikvarisk vis, og i tråd med byggeskikken på staden. Det kan ev kombinerast med å nytte fjøsen (fig. 4) som lagerbygg (utan endringar på fasaden). Fordi Skridulaupbu har fire sengeplasser ville eit DNT-sel på Sunndalssetra med like mange sengeplassar ikkje medføre ei vesentleg auke i overnattingskapasiteten langs ruta Sunndalen-Skjåk. DNT Oot vurderer at eit eksisterande sel blir for lite for deira behov.
- På ei synfaring kom det forslag om plassering for eit *eventuelt* nytt bygg. Bak stølsvollen mot sørvest sto seg som ein mogeleg plassering, etter forslag frå Sunndalssætra sameige.
- Tidlegare har eigaren av det gamle laftebygget (fig. 8 og 9) på Sunndal gard, utanfor nasjonalparken, tilbydt dette som ein potensiell stad for å lage ei utstilling om historia og landskapet i dalen. Forvaltar har lufta ideen både for DNT Oot, styret og sameiget om dette bygget som eit alternativ verdt å vurdere som overnatningsplass for DNT. Det vil då være utanfor vernegrensa, lettare tilgjengeleg for fleire brukergrupper med omsyn til universell utforming, og framleis like aktuell å nytte for dagsturar i Sunndalen. Utfordringa der er at det historisk har vore fleire store snøskred i området.



Fig. 4 og 5: Stølsvollen på Sunndalssetra.



Fig. 6 og 7: Gamle tufter og den gamle overnattingsplassen frå 1940-talet.



Fig. 8 og 9: Bygning på Sunndal gard, som ligg utanfor verneområdet, har potensial for m.a. universell tilrettelegging.

I ei kunnskapsbasert forvaltning er det viktig å utreie ei kompleks sak som denne på eit breitt grunnlag. I alle saker der villrein kan bli påverka er det rutine å få uttaler frå villreininteressene (nml § 8).

Sunndalssætra sameige er positive til bygging av ei DNT-hytte på setra, og stiller areal til disposisjon for ev nybygging. Dei har vore involvert i prosessen i lang tid. I protokoll datert 16.5.2016 og signert leiar Sverre Guddal, uttaler sameiget:

Sunndalssætra sameige er positive til at DNT/OOT får etablere hytte med inntil 12 sengeplassar. Det vert oppretta festeavtale mellom Sameiget og DNT/OOT.

Detaljutforming av hytte og uthus må skje i samråd mellom nasjonalparkstyre, kommune og sameige. Moment som har vore oppe i diskusjonen: Ei hytte vil vere til stor glede/nytte for folk i lokalmiljøet (Stryn, Oppstryn). Sætreeigarar som i dag ikkje har sætrehus , vil kunne nytte sætra på ein ny måte, utan å byggje seg nytt sætrehus. Dei gamle sela har få sengeplassar. Det vert no enklare å ha med familie, barn og barnebarn, då ein kan nytte turisthytta og dermed ha auka overnattingskapasitet.

Ein vil redusere presset på ønskje om å utvide/byggje på eksisterande sætrehus. Sunndalssætra er eit fint utgangspunkt for barnevenlege turar i nærområdet. Dei fleste turalternativa med utgangspunkt Sunndalssætra er utan konflikt med andre brukarinteresser. Eksempel: Stillevatnet, Sognskaret, Tverrelvskaret, Kamperhamrane. Eller for dei som ønskjer større utfordringar: Nuken/Tystigbreen, Sognskarbreen/Svartefjellet/Vetledalen, eller over breen til Slæom eller Jostedalen.

Breheimen nasjonalparkstyre vedtok følgjande uttale om DNT-hytte på Sunndalsseter, jf saksprotokoll frå møte den 27.9.2016:

Ut ifrå den stutte perioda etter remerkninga i fjar (år 2015) er det vanskeleg å seie noko om erfaringa med ferdsla gjennom Rauddalen frå Skridulaupbu – Sunndalssetra, og verknad denne har på villreinen. Med bakgrunn i vedtak i sak 58/2013 frå Breheimen nasjonalparkstyre skal nasjonalparkstyret vurdere saka i år 2019. Ei ny turisthytte på Sunndalssetra vil ikkje føre til mindre ferdsel. Spørsmålet er kor mykje ferdsla aukar. Om trafikken aukar merkbart i området i prøveperioden må ein vurdere traseen på nytt. Med dette som bakgrunn meiner Breheimen nasjonalparkstyre at Jostedalsbreen Nasjonalparkstyre bør avvente med å gje DNT Oslo & Omegn løyve til bygging av ny turisthytte på Sunndalssetra.

Fem representantar stemte for innstillinga medan ein representant stemte mot. Merknad frå representanten Jon Olav Kvamme: Ny hytte vil bli brukt for turar i nærområdet. DNT har disponert ei hytte på setra, men grunneigar vil no ikkje forlenga avtala. Området på Sunndalssetra er eit populært utfartsområde, spesielt no når stien opp Kamperhamrane er opprusta. Eg har snakka med lokalkjende som meinat svært få går turen til Skridulaupbu sidan det er ein 10 timars-tur og lite aktuell på våren og først på sommaren då reinen er mest sårbar. Utfrå denne vurderinga er eg positiv til at DNT får bygge den omsøkte hytta på Sunndalssetra.

Breheimen-Reinheimen villreinnemnd vedtok i sak nr 18/6 – 2016, og oversendt den 20.9.16 følgjande:

Det er ikkje ynskjeleg å gi DNT Oslo- og Omegn løyve til å bygge ny hytte på Sunndalsseter. Det vil truleg føre til auka ferdsel på DNT-stigen til Skridulaupbu / Slæom og vere negativt for villrein. Dersom Sunndalsseter likevel blir utbygd til DNT-hytte må det bli sett restriksjonar på marknadsføring av rute over til Skridulaupbu/ Slæom. Villreinnemnda set som ein klar føresetnad at Skridulaupbu ikkje blir fløtt vestover. Ein annan føresetnad er at Skridulaupbu ikkje blir utvida til meir enn fire sengeplassar.

Styret i Skjåk Almenning v/almenningsstyrar Jo Trygve Lyngved, signert 5.9.2016, sendte følgjande uttale om saka:

I 2013 søkte DNT om å få merke den gamle ferdelsvegen mellom Skjåk og Stryn gjennom Raudalen og Sunndalen. Skjåk Almenning gav den gongen ei uttale på dette, og frå vår side vart merking av stigen frå Øyren i Raudalen til Merradalsbotn godkjent under tvil. Årsaken til tvilen var omsynet til villreinen. Det er godt kjent at området vest for Raudalsvatnet er viktig for villreinstamma som held til her. Denne delen av villreinområdet, også kalla Skjåk sør-vest, er det minste og mest sårbare av områda i Reinheimen-Breheimen Villreinområde – eit avgrensa område med lita stamme, sparsommelege vinterbeite og med Raudalen som «deler» området meir eller mindre i to. Området vest for Raudalsvatnet fungerer som trekkpassasje mellom dei sørlege og nordlege delane av området og Raudalen blir mykje brukt til beite, særleg om sommaren og hausten. Dalbotn der råket går er relativt smal og bratt på både sider, og reinen har lett for å bruke dalbotn både under trekk og beiting.

I 2013 var det lite ferdsel i Raudalen, og ferdselet var mest truleg til lita sjenanse for villreinen. Ved remerking og retta marknadsføring med påfølgjande respons, var Skjåk Almenning redd for at aktiviteten i dalen skulle bli markant større. I kor stor grad dette har skjedd er usikkert. Den store auka i trafikk har det nok ikkje vore enda, men remerkinga er av relativt nyleg art. Med dette som bakgrunn vart det også sett krav om å evaluere stigen etter nokre år.

Med etablering av overnatningskapasitet og tilrettelegging på Sunndalsseter vil ein høgst sannsynleg få større aktivitet og ferdsel i områda mellom Raudalsvatnet og Sunndalssetra. Med remerking av stig gjennom Raudalen og ei etablering på Sunndalsseter, vil dette vera ei tilrettelegging som skjer steg for steg, og påverknaden på området vil auke gradvis. Raudalen er av dei mest urørte og lite brukte plassane i Skjåk, og det er lite ynskjeleg å leggje til rette for auka aktivitet der. Villreinen er og blir viktig for området, og Raudalen med sitt beite og funksjon som trekkpassasje er av avgjerande for desse dyra. Vi meiner forvaltninga av området skal vera føre var, og vi fryktar at den samla belastninga over tid kan bli for stor.

Med dette som bakgrunn til vi ikkje tilråde at det blir etablert overnatningskapasitet på Sunndalssetra i form av ei DNT-hytte.

Breheimen-Reinheimen villreinutval uttaler i brev, signert sekretær Knut Granum, og datert den 3.10.2016:

Ved etablering av ny DNT-hytte på Sunndalsseter, samt remerking og markedsføring av sti østover mot Raudalen i Skjåk, vil en trolig få større aktivitet og ferdsel i dette viktige området for villreinen. Raudalen er av de mest urørte og minst besøkte områdene i Skjåk – og et mye brukt beiteområde for denne sårbarer villreinstammen i grenseområdene mellom Skjåk og Stryn. Villreinen er for øvrig et viktig verneobjekt i Breheimen verneområde. Reinheimen-Breheimen villreinutvalg ønsker derfor at DNT Oslo- og Omegn ikke får løyve til å bygge ny hytte på Sunndalsseter.

Breheimen nasjonalpark har ivaretaking av leveområdet til villrein som eitt av verneføremåla. I området frå øvst i Kamperhamrane, Merradalsbotn – Ytste Leirvatnet (fig. 5) er det både leveområde, beiteområde og trekkvegar for villrein (data henta frå naturbase, jf. nml § 8). Villrein er ein art av nasjonal forvaltningsinteresse, og Sunndalssetra grenser til Ottadalen villreinområde.



Fig. 5: Utklypp av området Jostedalsbreen – Breheimen over Rauddalen. Det skraverte området (alt unnateke dalbotn i Sunndalen) syner Ottadalen villreinområde. Villrein har forvaltningskategori som «art av særleg stor forvalningsinteresse». Den blå prikken i vest er Sunndalssetra og den blå prikken i aust er Skridulaupbu. Den lilla vertikale linja viser grensa mellom Jostedalsbreen og Breheimen nasjonalparkar. Dei svarte strekane viser trekkuter for villreinen, og dei grå kvadratane er punktregistreringar av villrein. Kjelde: Naturbase

Forvaltningspraksis frå andre stader tyder på ein streng handsaming av byggesaker. Kristiansund og Nordmøre turistforening (KNT) søkte i 2011 om dispensasjon til bruksendring, renovering og tilbygg til ei løe på Stølgjerdesætra i Åmotdalen landskapsvernombordet, for å gjøre om løa til ei ny sjølvbetjeningshytte med 9 senger. Dovrefjell nasjonalparkstyre handsama saka, og kom fram til at det ikkje var grunnlag for dispensasjon frå verneforskrifta. Då KNT klaga på vedtaket og styret opprettholdt vedtaket, stadfestaa Miljødirektoratet styret sitt vedtak. Frå endeleg vedtak datert 7.3.2016:

Direktoratet tar ikke klagen til følge og avslag på søknad om bygging av ny selvbetjent turisthytte på Stølgjerdesætra opprettholdes. Tiltaket strider med formålet i Åmotdalen landskapsvernombordet om å ta vare på særpreget i kulturlandskapet, hvor seterbebyggelse utgjør en vesentlig del av landskapets egenart. Det legges også vekt på at hytta befinner seg i nærhet til nasjonalpark, og at den strider med verneformålene om å ta vare på leveområdet til villreinstammen i bl.a Snøhetta og formålet om å ta vare på et stort og i det vesentlige urørt fjellområde. Terskelen for å gi dispensasjon etter naturmangfoldloven § 48 første ledd første alternativ skal etter forarbeidene være høy.

Vurdering

På tida då forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark vart skriven i 1994 var villreinen ikkje like pressa som den er i dag. Då Breheimen nasjonalpark vart oppretta i 2009 var eit av føremåla å ta vare på villreinens leveområde. Ut i frå kunnskapen vi har no om villreinen er Rauddalen og området rundt eit av dei få «friområda» den har igjen i Ottadalen villreinområde, nettopp fordi tilrettelegginga er låg. Å ta vare på dyreliv er også eit av verneføremåla for Jostedalsbreen nasjonalpark. Ottadalen villreinområde går også inn i Jostedalsbreen nasjonalpark (sjå det skraverte området i fig. 5).

Høyringsuttalene frå både Skjåk Almenning, Breheimen-Reinheimen villreinutval og frå Breheimen-Reinheimen villreinnemnd viser stor skepsis til hytteplanane til DNT Oslo og omegn. Uttala frå remerk-saka var også i stor grad at dei godkjente remorkinga av stien på vilkår at det ikkje blei oppført nye overnattingsstader langs ruta. Forvaltar meiner at disse uttalene skal leggjast stor vekt på.




Fig. 6: Oversiktskart med omtalte objekt innsirkla. Kjelde: Fylkesatlas

Spørsmålet der merkinga av stien mellom Sunndalssetra og Skridulaupbu (sjå raud stipla linje på fig. 6) *kan* bli fjerna igjen tilseier ein føre-var haldning i forhold til ei ny hytte. Fem til ti år etter vedtaket (frå 2014) kan altså nasjonalparkstyra for både Breheimen og Jostedalsbreen, altså potensielt fram som til 2024, trekke tilbake løyvet til stimerkinga gjennom Rauddalen. Breheimen nasjonalparkstyre meiner at Jostedalsbreen nasjonalparkstyre bør avvente heile hyttesaka av den grunn. Forvaltar for Jostedalsbreen vurderer likevel det er ryddig at DNT Oot får handsama saka si no.

Nasjonalparkforvaltaren deler Breheimen nasjonalparkstyre si vurdering om at ei nybygget hytte av denne storleiken, i tillegg til den allereie remerka stien, vil føre til meir ferdsel gjennom Rauddalen, sjølv om både Sunndalssetra sameige og DNT Oot legg vekt på hytta som eit mål/utgangspunkt for dagsturer på Stryne-sida. Ei ny hytte av denne storleiken vil føre til meir tilgjengeleggjering av eit tidlegare ganske utilgjengeleg område. Remerkinga av stien kan fjernast att om 5-10 år, men to hyttebygg i eit kulturlandskap er eit meir irreversibelt inngrep. Vil då den samla belastinga (nml § 10) bli for stor for villreinen, og føre til vesentleg skade på naturmangfaldet (nml § 9)?

Naturmangfoldlova si § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, samt nml § 11 vert ikkje relevant i saka då framlegg til vedtak er avslag på søknaden. Forvaltar vurderer at det føreligg tilstrekkeleg kunnskap om at villreinen er sårbar for menneskeleg ferdsel og at Rauddalen er viktig for villreinens sommarbeite og trekk, og at føre-var prinsippet (nml § 9) kan komme til nytte fordi vi ikkje har vitskapelege resultat av ferdelseffekten på villreinstamma i framtida.

I forskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark står det at landskapet er verna mot alle inngrep. Det er svært sjeldan at nye bygningar vert oppsett i nasjonalparkar, og då skal særlege grunner ligge føre. Sikringshytte på Skåla vart vurdert som eit særleg tilfelle, då det både gjaldt å ta vare på eit kulturminne (tårnet), samt tryggleik og lovpålagte krav m.o.t. sikring for besökande i tilfelle brann, gassutslepp, og liknande.

Føremålet med vernet er å gje hove til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging. Ålmenta har i dag god tilgong til nasjonalparken, Sunndalen og Sunndalssetra, og det er ikkje naudsynt med ei overnatningshytte for å ivareta dette verneføremålet.

Nasjonalparkstyret ønskjer å halde motorferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark på eit minimumsnivå. Bygging og drift av eit ny sjølvbetjeningshytte i verneområdet vil generere markant meir helikoptertrafikk i dalen, vil auke den samla belastinga av motorisert ferdslle (nml § 10), som i dag er låg. Det er også eit dalføre som har hatt registreringar av sårbare arter.

Bygging av ein ny, stor hytte med 12 sengeplassar og eit uthus vil kunne skape uheldig presedens, ikkje berre for Jostedalsbreen nasjonalpark, men også for andre verneområde i landet. Det er potensielt mange stader som DNT eller andre organisasjonar kunne tenke seg ei hytte. DNT Oot har ønskje om utviding og flytting av Skridulaupbu, og ei ny hytte ved Illvatnet, som to konkrete døme i nærområdet.

Føremålet med prosjektet er godt; friluftsliv og høvet for fleire å komme seg ut i natur- og kulturlandskap. Det er allereie mange hytter som er ålment tilgjengelege for overnatting i nasjonalparken, og det er gode høve til å drive friluftsliv.

Saka fra Stølsgjerdesetra i Dovrefjell-Sunndalsfjella viser at det er omsynet til verneføremålet som veger tyngst. Sunndalssetra er i ein nasjonalpark, eit «tyngre» vern enn Åmotdalen, som er eit landskapsvernområde. I tillegg søkte KNT om ombygging og utviding av eit eksisterande sel, mens i vår sak er det snakk om to heilt nye bygg og 12 sengeplassar.

Forvaltar vurderer at to nye bygg ikkje nødvendigvis ville forringje kulturlandskapet dersom dei vert bygd lågmælt og i stil med resten av stølsvollen. Men i foredraget til kongeleg resolusjon frå 1998 står det at *bygging av turlagshytter i regelen må vurderast strengare enn saker som gjeld bygging av sel for grunneigarane som ikkje har sel frå før (...).* På Sunndalssetra finst det alternativ, og forvaltar ser heller ingen særlege grunner til å omgå verneforskrifta sitt forbod mot oppsetting av bygningar. Det er ikkje ein særleg grunn at det er fint å gå dagsturar frå setra. Når det berre er ein halv times rask gange frå parkeringsplassen ved Sunndal gard og til Sunndalssetra er området like greitt tilgjengeleg for dagsturar utan å trenge overnatting. Det er heller ikkje ein særleg grunn at det var ein overnatningsplass der frå 1945 og nokre tiår utover.

Nasjonalparkforvaltaren ser likevel at DNT Oslo og omegn har mogelegheiter for å lage alternative løysingar, slik som det er opna for i den gamle forvaltningsplanen.

Arkivsaksnr: 2016/3321-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 12.10.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	41/16	31.10.2016

Jostedalsbreen nasjonalpark - sti, utkikkspunkt og bru i Briksdalen - Briksdalsbre fjellstove/ Oldedalen skyss

Innstilling frå forvaltaren

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er positive til tilrettelegging utanfor verneområdet som kan lettare skilje dei gåande i frå trafikken med Trollbilane, og slik skape ei betre naturoppleving for dei besøkande, også for dei som treng universell tilrettelegging. Slik tilrettelegging bør gjerast der varige verdiar ikkje går tapt.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir avslag, med heimel i naturmangfoldlova si § 48, til bygging av gangveg til, og utkikkspunkt ved, Kleivatoppen i Briksdalen. Avslaget er grunngjeve med at bygging av gangveg er eit tiltak i strid med verneføremålet.

Nasjonalparkstyret føreset at reiselivet i Briksdalen lagar god og tilpassa informasjon ved startpunktet på stien til Kattanakken, slik at berre dei turistane som har fysisk og utstyrsmessig føresetnad til å klare å gå denne svartmerka stien, vil gå der. Dersom for mange turistar utan rette føresetnadar blir leia inn på turstien til Kattanakken som ein konsekvens av eventuell bygging av ein ny gangveg og bru, vil nasjonalparkstyret kunne vurdere å fjerne skilt/vegvisarar, jf. verneforskrifta IV, punkt 1.2, 3. ledd.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Nytt fråsegn frå FMSF, ikkje komme på tidspunkt sakspapira vart utsendt.
- Brev frå Stryn kommune om tilleggsopplysningar, til FMSF, datert 10.10.2016
- Søknad datert 7.10.2016 frå Briksdalsbre fjellstove og Oldedalen skyss as.
- Bilete frå synfaring den 15. september 2016
- E-post frå Stryn kommune om nasjonalparkstyret si uttale om bru, datert 6.9.2016

- Fråsegn frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane datert 22.8.2016 (inkl. fråsegn frå NVE og Sogn og Fjordane fylkeskommune)
- Søknad om bru, dispensasjon frå kommuneplan, Nordplan, datert 19.7.2016

Saka vert vurdert etter:

- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark frå 1991
- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark frå 1994
- Naturmangfoldlova
- Rundskriv om forvaltning av verneområder frå 2014

Søknaden

I søknad sendt 7. oktober 2016 søker Briksdalsbre fjellstove v/ Per Briksdal og Oldedalen Skyss as v/ Rune Myklebust om bygging av gangveg og utkikkspunkt i Jostedalsbreen nasjonalpark. Søknaden er ledd i eit større prosjekt med utvida tilrettelegging for besøkande i Briksdalen. Med i søknaden er både biletet og kart, samt skildring av prosjektet. Nasjonalparkforvaltar var på synfaring med både Per Briksdal, Rune Myklebust og Stryn kommune v/ Borghild Guddal den 15. september 2016.

Søknaden til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skildrar bygging av om lag 150 meter gangveg og eit utkikkspunkt på Kleivatoppen på Kleivane i Briksdalen. Kleivatoppen viser eit vakkert utsyn til både Briksdalsbreen(sjå biletet 1), til Tjøtaelva/fossen i sør og nedover dalen.



Fig. 1: Bilete av utsikta frå Kleivatoppen mot Briksdalsbreen. Foto frå søknaden.

Briksdalsbre fjellstove og Oldedalen skyss as tek i mot om lag 250 000 besøkande i året. Det kan være opp mot 90 bussar og 2-300 bilar pr. dag i høgsesongen. Veldig mange av dei som kjem er cruiseturistar som ønskjer høg grad av tilrettelegging. Køyrevegen til Briksdalsbreen, Kleivavegen, vart bygd i 1927-1928 av bøndene i Oldedalen. I søknaden fortel dei at inneverande sesong har 22 gardsbruk delteke med til saman 42 skyssrettar. Med 13 Trollbilar klarar dei å frakte om lag 50 000 menneskjer ila sesongen opp til hesteplassen, der ein går til fots inn i nasjonalparken og til

moreneområdet ved Briksdalsbrevatnet. Dei skriv at turismen i Briksdalen er viktig for både gardsbruken og busettinga i Oldedalen. Sesongen varar stadig lengre, no frå midten av april til 1. november. Om lag 70 menneske er sysselsatt hos dei to verksemdene i sommarhalvåret.

Gangveg langs sørsida av elva og bru

Om lag 25 % av turistane vert frakta med Trollbil, og søkjarane ønskjer å skilje dei gåande turistar frå trafikken med Trollbilane på Kleivastien. Difor ønskjer dei å bygge ein gangveg frå eksisterande bru (nedre del av Kleivane) og langs sørsida av Briksdalselva, opp til ei ny bru (sjå kart).




Fig 2: Kart over plasseringa av planlagd ny bru. På dette kartet er det ikkje inntekna den nye stien på sørsida av elva. Vernegrensa manglar (kjelde: Nordplan). Fig. 5: Lokalisering av bruva. På motsett side ser ein dagens gangveg inn mot breen (kjelde: søknaden)

Denne planlagde bruva er 3,5 meter brei og 15,5 meter lang, og skal byggjast i same stil som dei andre bruene lenger ned dalen (sjå fig. 3 og 4). Jf. søkjarane må bruva være så brei fordi besøkande ofte stimlar saman på bruene for å ta bilete av elva, samt at det må være mogeleg for ein traktor å kunne køyre over.



Fig. 3: Visualisering av ei ny bru (kjelde: Nordplan). Fig. 4: Dagens bru ved Kleivafossen med tredekk på ståldragarar og stålrekkverk (kjelde: Nordplan).

Frå søknaden om bru (Nordplan) er området skildra slik:

Briksdalen er ein u-dal med bratte dalsider og frodis dalbotn som endar i Briksdalsbreen i vest. Brua vil plasserast der elva passerer smalt mellom to mosegrodde, glattslipte svaberg. Området si breelvavsetnint (kjelde: fylkesatlas) har fylt elva med glattskurte steinar i ulik størrelse. Briksdalen sin dalbotn er frodig med tett skog av bjørk, gråor og selje og rik botnvegetasjon. (...)

Elva inngår i Oldenvassdraget sin verneplan frå 1973 og har ein høg kvartærgeologisk verneverdi (kjelde: nve). Verneverdien er grunna i urørtheit, på trass av høg

turistaktivitet. Verneverdiens type er ulike prosessar og former skapt av is og vatn, med kvalitetar som endemorene, bre og landskap, markerte morenetrinn og stor geologisk interesse. I tillegg er det eit representativt morenelandskap med en typisk brelv. Området beskrives som sårbart for omfattende tilrettelegging for turisme som medfører inngrep i m.a. morenene. Briksdalen har nasjonal og internasjonal verdi for friluftslivet, og byr på sterke naturopplevingar i samband med breen (kjelde: Verdiar i Oldenvassdraget, VVV-rapport 1999-3)

Gangvegen skal byggjast om lag 2,5 meter brei, og utformast som gangvegen elles i området (sjå bileta 5,6,7,8 for døme). Den skal kunne haldast ved like med traktor og så jamt dekke at ein kan trille barnevogn på den. Dei felta langs Kleivastien som er knappe to meter breie er i minste laget på dagar med mykje folk, jf. søknaden.



Fig. 5,6,7,8 viser gangvegen i området, med informasjonstavler og tilpassing i landskapet.

Både bru og stien på sørsida av elva er utanfor nasjonalparken, og vert handsama av Stryn kommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane som ein søknad om dispensasjon frå gjeldande kommuneplan, då tiltaket ligg i eit LNF-område.

I fråsegnet om bruha datert 22.8.2016 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er følgjande skreve:

Det går fram av søknaden at området har ein høg kvartærgeologisk verneverdi, og at den planlagde bruha vil bli liggande innanfor vernegrensa til Oldenvassdraget, og i nærleiken av grensa til Jostedalsbreen nasjonalpark.

Føremålet med ny gangbru over Briksdalselva er å skapa fleire alternative og trygge gangruter til og frå Kattanakken. Ifølgje søknaden er første del av stien frå Kleivane og oppover på sørsida av Briksdalselva noko uframkomeleg og utsrygg i periodar med flaum, regn eller frost. Det er derfor sett i gang eit prosjekt med standardheving av denne delen av stien.

Vurdering

Kommunedelplan for differensiert forvaltning av Stryne-, Loen- og Oldenvassdraget viser at området er plassert i forvaltningsklasse III. Bru og veganlegg er tiltak som er i konflikt med vernegrunnlaget, og normalt ikkje kan utførast. Tiltaket ligg innanfor område som er avgrensa som viktig naturområde i forvaltningsplanen.

Me føreset at det ikkje vert brukt tunge anleggsmaskiner på sørsida av vegen, jf. punkt 4.3.1 Anleggsfasen, då stien på sørsida av Briksdalselvi vil bli øydelagt. For tilkomst til sørsida av Briksdalselvi legg me til grunn at det vert brukt helikopter til transport av bygningsdelar, og/eller at tilkomst skjer ved å krysse Briksdalselvi med anleggsmaskiner når det er låg vassføring. Eksisterande sti frå Kleivabrua langs elva på sørsida bør ligga som i dag, utan store inngrep. Briksdalen er eit svært verdfullt kvartærgeologisk område der det har vore tilrettelagt for turisme på nordsida av elva. På sørsida har det ikkje vore tilrettelegging fram mot breen utanom stien til Kattanakken, noko som gjer at dei store verneverdiene i området er intakte. Det må vera ein føresetnad at nasjonalparkstyret godkjenner at ny sti frå bruva kan knytast til eksisterande sti til Kattanakken.

For å unngå uheldige landskapsverknadar rår me kommunen til å stilla klare vilkår til utforming av bruva, og at bygginga skal skje på ein skånsam måte. Unødvendige inngrep i elva må unngåast. Dersom det blir stilt gode vilkår til bygginga, vil me truleg ikkje påkla eit positivt dispensasjonsvedtak.

I brev datert 10. 10.2016 sendte Stryn kommune inn tilleggsopplysningar til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og ba om eit nytt fråsegn, der heilskapen i prosjektet, inkludert ny gangveg på sørsida av elva vert vurdert. Pr. dags dato (13.10.2016) har dette fråsegnet ikkje komme, men er under utarbeiding.

Søknad om gangveg og utkikkspunkt innanfor vernegrensa



Fig. 9: Oversiktsbilde der ein ser planlagt bru (markert i blått) og gangveg langs elva, samt gangveg mot venstre til utkikkspunktet på Kleivatoppen, som er i nasjonalparken (kjelde: søknaden).

Klyppa frå søknaden om sti og utkikkspunkt:

Frå ein tar av frå omsøkt gangveg utfør Nasjonalparken, blir det først om lag 50 m der ein må fylle på noko masse. Dette for å vinne høgd før ein går over på svaberget. Her er terrenget forma som eit smalt gjøl, slik at fylling her vil ikkje være skjemmande. Siste del, vel 100 m, opp mot Kleivatoppen er det nokre stadar slik at ein må «feste» gangvegen til svaberget. Her må ein feste ei rekkje med kantstein, grov pukk i botnen, finare pukk, singel og så grus på toppen. På motsatt side av kantstein vi vegen ligge naturleg mot fjell. Det er muleg at ein på det brattaste partiet må feste eit nett som held pukk på plass. Langs veg trasé i Nasjonalparken vil det ikkje være behov for sikringsgjerde. Opp mot området Kleivatoppen flater det ut. Her er fin utsikt og eit område som klart er attraktivt å få oppleve for våre gjestar. Det er nok rett å avgrense området, kanskje med ein god gamaldags steingard som også kunne fungere å setje seg på. Informasjonsskilt om breen og nasjonalparken vil være naturleg. Eit nasjonalparkskilt, kanskje ein portal, av ein viss størrelse burde være eit mål å få til.

Søkjane har søkt dispensasjon frå Stryn kommune sin kommuneplan for den delen av prosjektet som ligg utanfor vernegrensa, og saka skal handsamast politisk i kommunen den 25. oktober.



Fig. 10: Grenseskiltet til nasjonalparken er om lag der den blåkledde personen står i bakkant av biletet. Rune Myklebust i framgrunnen viser kor høgt ein omrentleg må fylle på med masse for å vinne høgde, slik at gangvegen ikkje blir for bratt på svaberget på biletet 11. Fig. 11: Gangvegen er planlagt på det våte partiet til venstre i biletet. Bilete frå synfaringa.



Fig. 12: Handa peiker på aktuell trasè frå bjørketrærne og opp svaberget. Fig. 13: Traseen er planlagt over berga og vegetasjonen på biletet og svinger til venstre framfor bjørketrærne.



Fig. 14: Plassering av utkikkspunkt omrent der fotografen står. Fig. 15: Stien vidare går frå det planlagde utkikkspunktet og opp mot Kattanakken, ein ser ein raudmerka varde langs stirrseene.

Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er, i forskrifta datert den 25. oktober 1991, omtala slik:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturopplewing gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep, m.a. oppsetjing av gjerde og anlegg, bygging av vegar, (...), graving og påfylling av masse, sprenging og boring, (...), bakkeplanering (...) bygging av bruver og klopper, merking av stigar og løyper, og liknande. Lista er ikkje uttømmande. (verneforskrifta § IV, punkt 1.1).

Forskrifta vernar også plantelivet i nasjonalparken (verneforskrifta § IV, punkt 2.1).; Vegetasjonen, også daude tre og buskar, er verna mot all slags skade og øydelegging som ikke kjem av vanleg ferdse og tradisjonell beiting i utmark.

Verneforskrifta opnar ikkje for at det kan bli gitt løyve til å plukke byggje gangveg i nasjonalparken. Søknaden må difor handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova, som erstattar den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifta pkt. VI. I fylgje naturmangfaldlova § 48, fyrste avsnitt, kan forvaltningsstyresmakta gjere unntak frå eit verneverdikrav dersom «det ikke strider mot verneverdikravets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

For at ein skal kunne gi ein dispensasjon etter nml. § 48 må tiltaket ikkje stride mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiene nemneverdig. Dersom desse to vilkåra er oppfylte er det opp til forvaltningsmyndigheita sitt skjønn innanfor rammene av alminneleg forvaltningsrettslige reglar og retningslinjer, og instruksar frå overordna mynde, å vurdere om det skal gis dispensasjon. Forvaltningsmyndigheita bør særleg

vurdere konsekvensane av ein dispensasjon, til dømes om det kan kome liknande søknadar på same grunnlag. Dispensasjon etter nml. § 48 kan ikkje brukast til å utvide den ramma som er trekt opp i vernevedtaket.

Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, utgitt av Miljødirektoratet i 2014, inneholder retningslinjer som er relevante for vurderinga om det kan gis dispensasjon (s. 12):

*Kravet om at tiltaket ikke skal påvirke **nevneverdig** innebærer at dispensasjonsadgangen er snever. Det kan bare dispenseres i de tilfeller tiltaket vil ha ubetydelig eller begrenset virkning for verneverdiene. Dette kan være ved midlertidig eller forbigående forstyrrelser, eller enkeltstående aktiviteter eller tiltak. Bestemmelsen gir også klar anvisning på at hensynet til verneverdiene skal være overordnet for eksempel næringsinteresser.*

I tråd med naturmangfoldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfold, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka. Miljørettsprinsippa i naturmangfoldlova skal være ein del av vurderinga av om dei rettslege vilkåra for å gi dispensasjon er oppfylt, til dømes at tiltaket "ikke strider mot vernevedtakets formål".

I forvaltningsplanen er følgjande skreve om temaet på side 47: *Det er forbod mot vegbygging i nasjonalparken (...). Bygging av vegen er store og varige inngrep som ikke vil bli tillate (...). I område som grensar til nasjonalparken, bør landbruksstyresmaktene, kommunane og grunneigarane vere restriktive med vegbygging. (...) Eventuelle vegen i tilgrensande område bør leggast slik at dei ikke skjer av turstiar, og vegane bør få god landskapstilpassing og stell av sideterreng for å gjere konflikten med innfallsportar og turstiar inn i Jostedalsbreområdet minst mogeleg. (...)*

Vurdering

Opphavleg begynte denne saka hos oss med at nasjonalparkstyret fekk tilsendt planen/søknaden frå Stryn kommune om bru, og vart bedt om å gje eit uttale. NVE og Sogn og Fjordane Fylkeskommune har også gitt uttaler om brutiltaket, og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane skreiv eit fråsegn. Då det kom fram at prosjektet også omhandla ny gangveg langs sørsida av elva og eit utkikkspunkt på Kleivatoppen, noko som ikkje kom fram i bru-søknaden, har både kommunen og Fylkesmannen sett på saka på ny. Utkikkspunktet og dei 150 metrane av gangvegen som er omsøkt innanfor nasjonalparken, uttalar kommunen og Fylkesmannen ikkje så mykje om, då det ligg til myndet til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre. Fylkesmannen skriv likevel i fråsegnet om bruha at *Det må vera ein føresetnad at nasjonalparkstyret godkjenner at ny sti frå bruha kan knytast til eksisterande sti til Kattanakken.*

Fylkesmannen skriv i fråsegnet om bruha: *Eksisterande sti frå Kleivabrua langs elva på sørsida bør ligga som i dag, utan store inngrep.* Dei skriv også at dei føreset at ingen tunge anleggsmaskiner vert brukt i arbeidet for å unngå at stien vert øydelagd.

I det omsøkte området i nasjonalparken er landskapet preget av bart fjell, delvis dekket av eit tynt dekke av lausmasser. Lenger opp fjellsida er det randmorenar; rygger eller belte av morenemateriale som er skjøve opp framfor brefronten. Brefronten er trekt langt tilbake, og minkar for kvart år. Brematerialet er usortert og innehelder alle kornstorleiker frå leir til blokk. Nokre stader kan morenematerialet finnast i veksling med breelvmateriale (kjelde: fylkesatlas, ngu). Stien vidare til Kattanakken går over fem

randmorener frå Kleivatoppen og vidare oppover. Jf. artsobs og fylkesatlas er det ikkje registrert raudlisteartar i det aktuelle området (nml § 8).

Prosjektet i nasjonalparken går ut på å fjerne ein del vegetasjon, tilføre fleire tonn med masse av typen knust fjell (denne typen masse ligg meir stabilt enn sand/elvemasse), boring av truleg fleire ti-tals (?) bore hol i svaberga for å legge kantstein, og kanalisering av fleire tusen menneske (pr. dag i høgsesongen) inn i nasjonalparken. Nasjonalparkforvaltaren vurderer at den samla belastinga (nml § 10) er stor allereie i området, Briksdalen sett under eitt. Dei store folkemengdene går på nordsida, mens sørsida av elva har vore ganske urørt, og i dag ligg berre stien til Kattanakken der.

Det omsøkte tiltaket er eit irreversibelt inngrep, og kan verken seiast å være av *midlertidig eller forbigående karakter* jf. rundskrivet om forvaltning av verneområder. Det tynne vegetasjonsdekket av lyng og mose vil slitast ned veldig fort når folk går utanfor stien, og både tilføring av masse og boring i fjell er vanskeleg å fjerne att på eit ev seinare tidspunkt. Kanaliseringa av tusener av besøkande inn i dette urørt området vil føre til spreiing av menneske også utanfor gangvegen, samt bygging av vardar mange stader. Vardebygging ser vi overalt der utanlandske turistar ferdast (fig. 16).



Fig. 16: Vardebygging er ei utfordring der mange menneske ferdast. Dette har vore ein benk. Illustrasjonsfoto frå Kjenndalen.

Stien til Kattanakken er merkt svart etter internasjonal merkekategori, den er altså for «eksperten». Forvaltar er redd for at mange menneske utan fysisk eller utstyrsmessig føresetnad vil kunne bli leia inn på denne stien dersom det vert slik stor tilrettelegging inn i dette området. Det har vore mykje merksemd i media i sommar om utfordringar knytt til turismen til Trolltunga, og forvaltar vurderer det som risikabelt å kanalisere folk inn i eit potensielt krevjande område. Aktørane i dalen har sett opp skilt ved Kleivabrua, underveis på stien langs sørsida av elvi, samt ved grenseskiltet (fig. 17 og 18). Pr. i dag ser dette ut til å fungere bra.



Fig. 17 og 18: Stien til Kattanakken er merkt frå Kleivabrua, med åtvaring om at stien kan være glatt.

I forskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark står det at landskapet er verna mot alle inngrep. Forvaltar kjenner ikkje til at gangveger av dette omfanget er gitt løyve til i andre nasjonalparkar i landet. Tiltaket vil kunne skape presedens for tilsvarende område med mange besøkande.

Naturmangfoldlova si §§ 9, 11 og 12 er ikkje aktuelle å greie ut, då framleggget til innstilling er avslag. NML §§ 8 om kunnskapsgrunnlaget og 10 om samla belasting er vurdert.

Briksdalsbre Fjellstove og Oldedalen skyss as søker om eit tiltak som ville ført til at fleire fekk sjå Briksdalsbreen, Tjøtaelva og dalen frå ein ny vinkel. Det ville ha ført til ei fin naturoppleving for mange tusen menneske som har reist langt for å sjå naturen i dette vakre hjørnet av Norge. Verneføremålet om friluftsliv seier likevel at folk skal kunne få høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengige av teknisk tilrettelegging. Utkikkspunktet på Kleivatoppen og stien vidare til Kattanakken er fint tilgjengeleg for folk utan meir tilrettelegging.

Nasjonalparkstyret er oppteken av at vernegrensa er vernegrensa, og at tiltak/aktivitet som går føre seg utanfor vernegrensa ikkje skal handsamast like strengt.

Nasjonalparkforvaltar vurderer at det omsøkte tiltaket både stirr mot verneføremålet og påverkar verneverdiane nemneverdig, og at det tilseier avslag etter heimelen i naturmangfoldlova si § 48.

Arkivsaksnr: 2016/3496-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 11.10.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	42/16	31.10.2016

Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til oppsetting av snømålar over Sandnes i Oldedalen og ferdsel med helikopter - Statens vegvesen

Innstilling frå forvaltaren

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, med heimel i verneforskrifta kapittel IV, punkt 1.3, 1. ledd, til Statens vegvesen v/ Arnstein Ommedal, til oppsetting av ein snømålar i fjellsida over Sandnes i Oldedalen på følgjande vilkår:

1. Snømålaren skal fjernast når den ikkje lenger er i aktiv bruk, seinast 1. nov. 2017.
2. Det skal ikkje ligge att søppel og skrot etter arbeidet.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, med heimel i verneforskrifta kapittel IV, punkt 4.3, 3. ledd, til same mottakar for flyging med helikopter i samband med oppsetting, ev vedlikehald og nedtaking av snømålaren, på følgjande vilkår:

1. Det skal ikkje flygast meir enn absolutt naudsynt, og det skal takast omsyn til fugleliv og ev friluftsliv i området.
2. Løyvet til å fly helikopter er mellom 28. okt. 2016 og 1. mars 2017, samt mellom 1. juli og 1. nov. 2017.
3. Sekretariatet eller Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen skal få melding seinast dagen før flyging.


Etter at prosjektet er gjennomført skal kortfatta rapport sendast til nasjonalparksekretariatet, med biletar av masta, eksakt lokalisering på kartet, ev andre observasjoner, m.m.

Saksopplysningar

Den 28. september kom ein søknad frå Statens vegvesen v/ Arnstein Ommedal om oppsetting av ei mast i, eller i randområdet, til nasjonalparken. Det har også vore telefonkontakt om saka ved fleire høve.

Statens vegvesen har eit anlegg på Sandnes, rett ved vegen inn Oldedalen i Stryn kommune. På anlegget er det både uttak og deponering av masse til vegarbeid. Vegvesenet ønskjer å ha masta ståande på toppen av Sandnesfonna (sjå kart) ein vintersesong for å kunne overvake oppbygging av potensielle snøskred. Føremålet er tryggleik for dei som arbeider på anlegget nede ved vegen.

Masta er ein snømålar av typen SM4, og måler både temperatur og snømengde. Den er om lag 3,2 meter lang, og er 3,5 kg tung. Ei algoritme reknar ut om sensorane er dekka av snø eller ikkje, og sender SMS til vegvesenet med oppdateringar om snøen. Den har ei lita solcelle, så den treng i utgangspunktet ikkje vintervedlikehald.



Det er per dags dato ikkje mogeleg for Svv å seie om masta teknisk sett kan plasserast utanfor vernegrensa, og ønskjer difor at nasjonalparkstyret handsamar saka på formelt vis. Ommedal seier at dei vil likevel tilstrebe å plassere masta utanfor vernegrensa dersom det er teknisk mogeleg.



Masta har seks bardunar med tre fester til underlaget. Sjølve masta har ei plate som også må festast i fast grunn. Søkjar meiner at skruane som fester masta har ein diameter på under 20 mm.

Vegvesenet er avhengige av motorisert ferdsle for å kunne sette opp masta og hente den ned att når føremålet er oppnådd. Dei søker såleis om eit avgrensa tal turar med helikopter, men kan ikkje på førehand sei eksakt kor mange turar dei treng. Truleg treng dei ein tur til rekognosering, ein tur til oppsetting og ein tur til nedtaking.

Lovgrunnlag

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep (verneforskrifta si § IV, punkt 1.1), mellom anna oppsetting av bygningar, gjerde og anlegg, (...) sprenging og boring (...). Forvaltningsmyndet kan, når særlege grunnar ligg føre, gje løyve til (punkt 1.3, 1. ledd) bygge, ombygge og endre bygningar m.m. som nemnd under punkt 1.2. Det står også i verneforskrifta at det kan stillast vilkår for løyve som blir gjevne etter punkt 1.3.

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Det er likevel opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (pkt. IV, 4.3) for motorferdsel i samband med vitskaplege granskingsetter oppdrag frå granskingsinstitusjon (verneforskrifta § IV, pkt. 4.3).

I denne saka, der det dreier seg om ei mast, så fell det inn under «m.m.»-definisjonen, altså eit anlegg/innretting. Det står ikkje noko særskilt i forvaltningsplanen om denne typen tekniske innrettingar.

I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerala korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Det aktuelle området i fjellsidene på vestsida av Ramnefjellbreen er særstakt urørt grunna den vanskelege tilkomsten. Det er ikkje registrert særskilt sårbart biomangfald i dette området (nml § 8), men det utelukker ikkje at det ikkje er fuglereir i disse bratte liene. Søkjar må ta omsyn til ev fugleliv, og rapportere tilbake til nasjonalparksekretariatet om ev observasjonar. Oppsettinga av masta vil skje før jul, altså utanfor den sårbare tida for fuglane. Forvaltar vurderer det som mest omsynsmessig at det likevel ikkje skal flygast i området i perioden mars – juni (nml § 9), då potensialet for reirlokalisering, hekking og ungeperioden hos rovfugl er godt i dette området. Det vil være best om Statens vegvesen såleis kan ta ned masta att på seinsommaren/hausten (nml § 12).

Forvaltar vurderer at infrastruktur som master m.m., helst skulle ha vore lokalisert utanfor vernegrensa (nml § 9), og Vegvesenet seier at dei til prøve å unngå oppsetting i nasjonalparken, om det er mogeleg (nml § 12). Sakshandsamar hos Vegvesenet meiner at dei uansett kan plassere masta på ein stad der den er lite synleg for omgjevnadane (nml § 10). Fordi masta er tre meter høg er det lite truleg at den vil synast i det heile teke frå vegen. Det er tilnærma null friluftsliv i disse fjellsidene.

Masta bør ikkje være høgare enn naudsynt, men den skal samtidig være så solid slik at den toler den belastinga og klimapåverknaden over det året den har løyve til å stå der (§ 12). Samla belasting i dette området er svært lita (nml § 10), og både masta og helikopterflyginga vil være av forbigåande karakter. Nml § 11 er lite relevant å vurdere i denne saka, anna enn at nedtakinga av masta må utsettast til etter den sårbare perioden for fugl.

Nasjonalparkforvaltar vurderer at oppsetting av ein liten snømålar med det føremål å trygge arbeidarar på eit veganlegg i Oldedalen er ein særleg grunn å gje dispensasjon frå forbodet mot å sette opp anlegg, samt gje dispensasjon til motorferdsel. Masta bør helst plasserast utanfor vernegrensa, men uansett er det på ein stad som ikkje er synleg, i ei fjellsida utan friluftsliv, og i ei avgrensa periode på eitt år, og vert såleis vurdert i å ikkje vere i strid med verneføremålet for Jostedalsbreen nasjonalpark.

ST 43/16 Eventuelt